

Vassverket vert samvirkeforetak

15.11.2012

**Kvinnherad har 2 private vassverk og no er dei igang med å endra selskapsform frå lutlag til samvirkeforetak for å sleppa å betala skatt av eit eventuelt overskott frå årsskiftet.
Rosendal og Uskedalen har begge no fatta dei nødvendige vedtak om å verta SA,
Uskedalen gjennomførte handsaming nummer 2 i kveld.
Vedtaket betyr ikkje noko for den einskilde parteigar.**

På grunn av overgangen har vedtektene gått gjennom mindre endringar slik at dei vert i samsvar med Samvirkelova av 2007

Mogeleg overskot på drifta skal godskrivas eigenkapitalen og nyttast til fornying av driftsmidlar med meir, lyder ein av paragrafane.

Dei som vil verta medlemmer skal skyta inn 15 000 kroner.

Vassavgifta er 2 126 kroner eks moms for eit våningshus med uthus, 1228 for gardsbruk med over 10 mjølkekueiningar, 614 kroner for naust og 614 kroner for gardsbruk med under 10 mjølkekueiningar